

Årsmelding 2013

Frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Årsmelding 2013

Frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet sitt mandat og samansetjing

Fylkesrådet for funksjonshemma i Hordaland vart etter vedtak i fylkesutvalet 26.02.98 oppretta som ei friviljug ordning frå 01.04.98.

Frå 15.09.07 vart kommunar og fylkeskommunar ved lov av 17. juni 2005 pålagt å oppretta råd eller anna representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vedtok under tingseta 16. oktober 2007 at fylkeskommunen skal ha eige råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det vart også i same møte gjort vedtak om å endre namnet til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland.

Lova opna også for ein del endringar sett i høve til tidlegare veileiande retningslinjer.

Fylkestinget vedtok i sak 59/07 fylgjande reglement for rådet:

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til fylkesplan og til fylkesdelplanar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram for rådet
- ta del i arbeid med planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, som gjeld fylkeskommunal verksemd
- ta del i planprosessar vedkomande fylkeskommunale bygg (nybygg og ombygging).

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld enkelt-personar.

Rådet skal kvart år leggja fram for fylkestinget melding om verksemda si, jfr. lova §8 jf. §7 .

Funksjonstida for rådet er 4 år og fylgjer fylkestingsperioden.

Valperioden 2011-15

For valperioden 2011-2015 har rådet 7 medlemar - 3 politiske representantar frå dei tre hovedutvala for samferdsle, kultur- og ressurs og opplærings- og helseutvalet. 4 representantar kjem frå organisasjonane for funksjonshemma der FFO er representert med 3 og SAFO med 1 medlem. Medlemane i rådet har personlege varamedlemar.

Leiar: Anita Garlid Johannessen, FRP (til 15.10.13)

Leiar: Ellinor Kreybu, FRP (frå 15.10.13)

Nestleiar: Harald Norheim, SAFO

Faste medlemar:

Frå fylkeskommunen:

Anita Garlid Johannessen FRP (til 15.10.13)
Ellinor Kreybu FRP (frå 15.10.13)

Ingrid Reitan H (til 10.12.13)
Neshe Lie H (frå 11.12.13)
Jostein Ljones Sp

Frå organisasjonane:

Harald Norheim SAFO
Kjersti Edvardsdal FFO
Tore Svane FFO
Kjell Søvik FFO

Varamedlemar:

Frå fylkeskommunen:

Inger Ulvund	FRP
Ingebjørg Winjum	V
Torunn Hole Olsnes	SV

Frå organisasjonane:

Sølvi Gripsgård Knudsen	SAFO
Laila Bø	FFO
Inge Fiskvik	FFO
Karl Peder Henriksen	FFO

Arbeidsutval

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har vidareført ordninga med arbeidsutval i perioden 2011-2015. Utvalet er samansett av leiar og nestleiar, og frå administrasjonen møter rådgjevar. Arbeidsutvalet har sine møter mellom dei ordinære møta i rådet, etter ein fastsett møteplan.

Budsjett

Rådet sitt budsjett for 2013 var kr 400.000,-. Budsjett- og regnskapsansvar for rådet er lagt til økonomiavdelinga, og økonomioversikt vert framlagt i kvart rådsmøte. Innafor tildelt budsjett har rådet gjennomført rådsmøter, arbeidsutvalsmøter og fellesmøter med fylkeskommunale råd. Rådet sin økonomi gjer det mogeleg å arrangera samlingar og like eins høve til å kunne delta på eksterne konferansar og møter. Nettverksammarbeid og informasjonsutveksling har ein positiv effekt og er ein viktig del av arbeidet i rådet.

Sekretariat

Rådet har felles møtesekretariat med fylkeseldrerådet, og frå 17.06.14 Ungdommens fylkesting. Rådgjevar er tilsett ved organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen. Sekretariatsfunksjonen har i perioden fram til 17.06.13 vore delt mellom rådgjevar Dagmar Reutz Hillestad og møte-sekretær Dianne Kilvær. Frå 17.06.13 tok Ingeborg Borgen Takle over som rådgjevar for rådet, med støtte frå Dianne Kilvær og Thamina Khan.

Rådsmøter

Det vart i 2013 halde 6 ordinære møter – 6. februar, 10. april, 22. mai, 4. september, 30. oktober og 27. november. På dei ordinære møta har rådet behandla 20 saker og 20 meldingar. I tillegg kjem like mange arbeidsutvalsmøter som vert halde mellom dei ordinære rådsmøta. Råds-/arbeidsutvalsmøta vert haldne på fylkeshuset. Rådet sine møter vert lagt inn på den fylkeskommunale møtekalendaren med møtesaker og møtebøker tilsvarande dei politiske utvala i fylkeskommunen.

Rådet har eiga nettside med opplysningar om rådet under fylkeskommunen sin nettportal – med linkar bl.a. Deltasenteret, ulike departement og organisasjonar som FFO og SAFO.

Landskonferansen

I 2013 har det ikkje vore nokon konferanse der alle fylkesråda vart samla for å diskutere aktuelle tema samt utveksle synspunkt og få informasjon frå kvarandre. Grunna til dette er at Statens råd for menneske med nedsett funksjonsevne ikkje er oppretta etter valet i 2011.

Konferansar og seminar

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne held kvart år ei temadag kring eit særskilt emne. I 2013 valde rådet å setja fokus på folkehelse, da dette er ein del av samhandlingsreforma og eit fylkeskommunalt ansvarsområde. Temadagen vart heldt 23. april med vekt på folkehelsekoordinator si rolle og bidrag i arbeidet. Ein svært nyttig konferanse, der rådet legg ned store ressursar for å kunne helde dagen. Temadagen er viktig for å setja fokus på aktuelle tema samt at det bidreg til å gjere rådet betre kjend i heile fylket.

Fylkeskommunen i sitt arbeid med regional planlegging jobbar med plan for attraktive senter og senterstruktur. I samband med dette arbeidet har fylkeskommunen arrangert fleire temadagar, dette for å fokusere på enkelttema i planen og for å opne for deltaking utanfor fylkeskommunen. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har vorte invitert som ein aktør i utarbeiding av planen. Det er viktig at rådet er ein av aktørane her. Dette for at vi skal kunne ha påverknad på kva eit senter skal innehalde og korleis det skal utformast. Det vil og vere viktig å kunne følgje med på kor vi ønskjer at sentra skal ligge. Rådet har delteke på temadagane 12. september og 19. november.

Møte saman med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Bergen der det vart orientert om bygginga av bystasjonen Sør 25. september. Dette var eit nyttig møte, men ein skulle ønskje at rådet hadde blitt involvert på eit tidligare tidspunkt da det er viktig å komme inn allereie på planstadiet for å ha moglegheit til å verte høyrte og gi innspel til endringar og anna.

SOR-konferanse i Oslo 20 - 22 oktober. Ein stor konferanse med 970 deltakarar. Denne la vekt på arbeid og bustad for menneske med psykisk utviklingshemming. Denne gruppa er ikkje mykje framme i rådet sitt arbeid, men vi ser på den som ein viktig gruppe å ivareta. Visar til St.meld 45 «Frihet og likeverd» som handlar om temaet. Denne stortingsmeldinga visar at det vert gitt liten spalteplass til biten om arbeid.

Konferansen "Du ska få en dag i måro" på Hamar 22. – 25. oktober. Dette var ein nyttig konferanse der ein vart presentert sluttrapporten for prosjektet Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylkar og kommunar. Dette er eit prosjekt rådet har vore med i heile vegen. Nyttig konferanse der ein blant anna hadde fleire interessante synfaringar i området og ein får idear og ser korleis det kan løysast.

Sluttord

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har som mål å få eit godt samarbeid med alle avdelingar i fylkeskommunen. I 2013 har det vore godt samarbeid med samferdsel og eigedom mens det med andre avdelingar har vært sporadisk samarbeid. Viktigheita av godt samarbeid ser ein blant anna ved at ein i 2013 fikk løftet TT-ordninga opp på politisk plan slik at innvilga beløp frå og med 2013 nullstilles berre per 31/12. Dette er ein sak rådet har arbeida med få på plass lenge. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil fortsette med å arbeide for eit godt samarbeid med alle avdelingar dei kommande åra.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

August 2014. Administrasjonsseksjonen.